


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. D. Bødker



kyrkjekalenderen

Februar

Fre. 7. kl.19.00 - Ådland
Konsert
av Mannskoret Laudamus

Søn. 9. kl.18.00 - Haga
Storsamling
Pred: Stig Magne Heitmann
Liturg: Inge Aasgaard

Søn. 16. kl.11.00 - Haga
Fellessamling
Pred: Nils Arne Lavik
Nattverd
Søndagsskule

Søn. 23. kl.11.00 - Ådland
Familiegudsteneste
Dåp

TÅRNAGENTAR I KYRKJA



Her viser dei flinke tårnagentane fram dei fine teikningane dei har laga av flukten til Egypt



Kristina spelar kong Herodes

frå kyrkjeboka



Døypte

17.11.13

- Lukas Leander Steinsland
Trengeireid
- Sverre Erstad

25.12.13

Hans Olai Ulevik

05.01.14

- Marit Gjerde Naalsund
- Noah Fure Nytevit

19.01.14

- Trude Tveit Sjursen
- Flemming Liøen Søyland
- Tiril Sofie Arnesen Rosvoll

Den 18.-19.januar var det mange flotte tårnagentar i kyrkjene, som utforska og undersøkte kva spanande som gøymer seg i kyrkjene og i Bibelen av symbol, skattar og mysterium. Dei fekk mellom anna utdelt eige agentskilt med nummer og navn og fekk smaka ekte agentmat! Om laurdagen måla dei historien om då Maria, Josef og Jesusbarnet måtte røma til Egypt for å sleppe unna den sinte kong Herodes. Dette framførte dei under gudstenesta på søndagen.



Tårnagentane har funne ei skattkiste, og er veldig spente på kva som gøymer seg oppi den!

Nye prostigrenser - Samnanger går til Hardanger og Voss

I 1999 vart Midhordland prosti delt, - med den store folkeauken i dei bynære kommunane, var det rett og slett for stort, meinte bispedømerådet. Så Sund, Fjell, Øygarden og Askøy gjekk ut og danna det nye Vesthordland prosti, medan Os, Fusa, Austevoll og Samnanger framleis var igjen i Midhordland.

I Bjørgvin bispedøme har dei slite med pengemangel, område med stor folkeauke har for få presteressursar utan at det er midlar til å setja inn nok stillingar. Dei har difor gjort fleire omorganiseringar for å spara inn, og forflytta presteressursar til dei mest pressa områda. Eit av framlegg til tiltak var å leggja ned det vesle Midhordland prosti og fordela sokna der på prostia rundt. I oktober 2013 fekk sokna i Midhordland beskjed om at denne saka skulle opp i bispedømerådet 10. desember. Eit orienteringsmøte for sokna i Midhordland var sett 30. oktober, og høyringsfristen var 15. november.

Alle sokna i Midhordland reagerte på den korte fristen, - her var det inga tid til høyring ute i

krinsane eller til samtaler mellom sokna. I Samnanger hadde me eit møte der sokneråd og tilsette var inviterte. Kyrkjeverja sette så opp eit framlegg til uttale, og denne vart stemt over på kyrkjestyremøtet i november.

I uttalen står det ma. at kyrkjestyret ragerer på at denne delinga skal finna stad no. Me står føre store endringar både i kommunestruktur og i styringsstrukturen i kyrkja. Desse endringane kan også føra med seg at prostigrensene lyt opp til vurdering på nytt. Vert td. Samnanger slege saman med naboane til ein stor Bjørnefjorden kommune, vil me ha felles kyrkjestyre, («fellesråd») saman med dei andre sokna i kommunen. Desse sokna bør då høyra til same prosti.

Dei statlege trusopplæringsmidlane vert også fordelte pro- stivis, og det vert lagt opp til samarbeid innan prostia - også om stillingar. Me har i vårt arbeid med trusopplæringsplan, samarbeidd innan prostiet. Det er vanskeleg å ta desse oppmodingane om endå tettare samarbeid på alvor, når ein går inn

i ei så usikker prostiframtid. Å skifta prosti fleire gongar på rad, er eller heller ikkje kjekt for prestane som har prosten som sin næraste overordna, og må byta både sjef, kollega-fellesskap og vikarierings-distrikt.

For Samnanger sin del, låg det inne eit framlegg frå bispedømet om å verta tilknytt Arna/Åsane prosti, men Hardanger /Voss kunne også vera eit alternativ. I uttalen sin til bispedømerådet sa soknerådet i Samnanger ma.:

1) Samnanger kyrkjestyre meiner at Midhordland prosti bør vera som no, til dei nye kommunegrensene er fastsette. Dette fordi det er stor fare for at me må gå inn og teikne prostigrenser på nytt om få år, når nye kommunegrenser er bestemte. Med tanke på kontinuitet i arbeidet vårt, er dette svært uheldig, både når det gjeld presten si arbeidsgjevartilknytning og samarbeid i trusopplæringa.

2) Om bispedømet likevel skulle finna å måtta gjera endringar no, ynskjer me helst å knyta oss mot Fusa og Hardanger og Voss prosti. Me har alt no ein del inter-

kommunalt samarbeid med Fusa og Kvam. Her vil me vera ei samling av bygdesokn på nokolunde like fot, eit godt utgangspunkt for samarbeid t.d. om trusopplæring. Åsane /Arna er bydelar i Bergen, med anna oppbygging og andre utfordringar. Samnanger ynskjer ikkje å verta ein liten utkant i eit stort byprosti.

Eit alternativ med tilknytning mot Arna/ Åsane vart nedstemt med to mot 6 stemmer.

Heile uttalen kan du lesa på heimesidene våre. (Sjå under) Trass i at alle sokna i Midhordland oppmoda bispedømerådet om å venta nokre år med desse endringane, kom meldinga om at me frå 1. mars vert nedlagde som prosti. Samnanger og Fusa går til Hardanger/ Voss, - Os og Austevoll går til Fana. Den einaste kvinnelege prosten i Bjørgvin, Margrethe Holmboe Askeland, vert no ikkje lenger prost, men sokneprest i Os. Me takkar henne og sokna i Midhordland for godt samarbeid og går saman med Fusingane inn i vårt nye tilvere som ein del av Hardanger/ Voss prosti.

BABYSONG

Den 20.februar kl.11.00 startar baby-song opp att i kyrkja på Haga! Ta med deg babyen og syng, trall, kos, dans, gyng... Kjekt for både små og store :-)